



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 970 125 442
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE
Forretningsadresse: Brendøyvegen
6906 FLORØ

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Berit Alise Høivik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 23.05.2017

Grunnlag for avgivelse

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 29.04.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		0	0
Sum inntekter		0	0
Kostnader			
Annen driftskostnad	1	0	0
Sum kostnader		0	0
Driftsresultat		0	0
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt		0	0
Sum finansinntekter		0	0
Annen finanskostnad		0	0
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		0	0
Ordinært resultat før skattekostnad		0	0
Ordinært resultat etter skattekostnad		0	0
Årsresultat		0	0



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2	7 391 622	7 391 622
Sum varige driftsmiddel		7 391 622	7 391 622
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler		18 200	18 200
Sum finansielle anleggsmiddel		18 200	18 200
Sum anleggsmiddel		7 409 822	7 409 822
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum omløpsmiddel		0	0
SUM EIGEDELAR		7 409 822	7 409 822
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		4 246 483	4 246 483
Annan innskoten eigenkapital		2 812 939	2 812 939
Sum innskoten eigenkapital		7 059 422	7 059 422
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		350 400	350 400
Sum opptent eigenkapital		350 400	350 400
Sum eigenkapital		7 409 822	7 409 822



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		7 409 822	7 409 822



Årsregnskap

2016

**Kystmuseet i Sogn og
Fjordane**



Kystmuseet i Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2016

1. FORMÅL

Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane er ei privat, ikkje næringsdrivande stifting som følgjer den til kvar tid gjeldande Lov om stiftingar. Stiftinga er oppretta i 1980 med gåver og tilskot frå kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora, Askvoll, Hyllestad, Solund, Gulen og organisasjonane Sogn og Fjordane Fiskarlag, Sogn og Fjordane Fiskarkvinnelag, Sogn og Fjordane Ungdomslag, Flora Båttforening og Sunnfjord Høgskulelag. Stiftinga inngår i Musea i Sogn og Fjordane som konsolidert med hovudstiftinga. Hovudsetet for Kystmuseet i Sogn og Fjordane er i Flora kommune. Museet har dessutan ansvar for bygningar, samlingar o.l. innan museet sitt fagområde, også andre stader i fylket. Museet er oppe for alle.

2. ORGANISASJON, ADMINISTRASJON, ØKONOMI

Eigarstyret i 2016

Eigarstyret for Kystmuseet i Sogn og Fjordane har seks medlemmer med personlege vara. Dei tilsette ved Kystmuseet har fast representasjon og vel sine styrerepresentantar sjølve. Flora kommune, som er vertskommune, har og fast representasjon, men her blir styre- og vararepresentant vald av årsmøtet. Elles vel årsmøtet kvart år to styre- og vararepresentant frå dei andre kommunane og to styre- og vararepresentant frå lag og organisasjonar.

På årsmøtet 30. mai var Odd Bovim, nytt medlem frå vertskommunen Flora kommune, med Jan Nygård som vara. Nytt medlem frå Sogn og Fjordane Fiskarlag var Stig Oldeide, med Svein Olav Igland som vara.

Etter årsmøtet i 2016 var eigarstyret for Kystmuseet samansett slik:
Odd Bovim, styreleiar, representant frå Flora kommune, vertskommunen
Stig Oldeide, nestleiar, representant frå Sogn og Fjordane Fiskarlag
Gro Arnstøl Birknes, representant frå Gulen kommune
Nils-Per Sjøstad, representant frå Selje kommune
Øyvind Atle Skarstein, Flora, representant for dei tilsette ved Kystmuseet
Jorunn Sundal, Sogn og Fjordane Ungdomslag.

Vararepresentantar:

Jan Henrik Nygård, Flora kommune (for Odd Bovim)
Bjørn Magne Hansen, Solund kommune (for Gro Arnstøl Birknes)
Svein Olav Igland, Sogn og Fjordane Fiskarlag (for Stig Oldeide)
Bjørn Fjellheim, tilsett ved Kystmuseet (for Øyvind Skarstein)
Kåre Jarl Langeland, Bremanger kommune (for Nils-Per Sjøstad)
Inge Masdal (Jorunn Sundal)

Valnemnd:

På årsmøtet 30. mai blei det vald slik valnemnd: Knut Ove Leite leiar, Sonja Hjøneevåg og Ståle Karstensen.

Revisor:

Deloitte A/S, Florø

Årsmøtet i 2016

I følgje vedtektene skal årsmøtet vere samansett slik: To utsendingar frå kvar kommune, to frå kvar av organisasjonane og to utsendingar frå dei tilsette ved Kystmuseet.

Årsmøtet 2016 vart halde på Kystmuseet.



Desse møtte:

Sogn og Fjordane Ungdomslag: Anders Folkman

Askvoll kommune: Gaute Losnegård og Jeroen van Gangelor

Bremanger kommune: Magne Kjerpeseth

Vågøy kommune: Olav Horn

Flora kommune: Jan Henrik Nygård

Høgskulelaget: Kristian Jansen

Frå eigarstyret møtte: Øyvind Atle Skarstein, Gro Arnstad Birknes,

Kystmuseet: Sveinung Reksten, Berit Høivik, avdelingsdirektør, Anne Bakke, formidlingsleiar og Marny Alise Engdal, referent.

Desse var ikkje representert på årsmøtet:

Selje kommune, Hyllestad kommune, Solund kommune, Gulen kommune, Florø Båttforening, og Sogn og Fjordane Fiskarlag.

Styrearbeid

Eigarstyret har hatt to møte i 2016. Viktige saker som var handsama var:

- Fusjon mellom MiSF og KSF og endring av vedtekter
- Planlegging og gjennomføring av årsmøtet
- Årsmelding, rekneskap og budsjett
- Forvaltning av eigedomane til eigarstyret i Kystmuseet i Sogn og Fjordane og avhendingsreglar

Tilsette ved avdelinga

Fast tilsette:

Anne Langedal Bakke, formidlingsleiar, permisjon frå 19.09

Bente Hovland Henriksen, ny sekretær frå 01.12.

Berit Høivik, avdelingsdirektør

Bjørn Fjellheim, førstekonservator

Jill Tefre, museumshandverkar

Jorunn Bjerk, formidlingsleiar, vikariat frå 19.09.

Marny Alise Engdal, sekretær, alderspensjon frå 01.11.

Sveinung Reksten, museumshandverkar

Øyvind Skarstein, museumshandverkar

Sesongtilsette:

Stine Sofie Rivedal, omvisar

Tonje Rimmen, omvisar

Iver Bakke Nydal, omvisar

Kari Anne Bakke, omvisar

Daniel Gangeskard, omvisar, Vågsberget

Linn Haug Eide, omvisar, Vågsberget

Likestilling

Museet hadde 7 fast tilsette, der det var fire kvinner i 100% stilling og ein mann i 80 %, ein mann i 100% stilling og ein mann som reduserte frå 100% stilling til 80% etter 23.juni. I styret på seks er det fire menn og to kvinner.

Arbeidsmiljø



Museet har i periodar vore prega av stor ressursmangel på personalsida, då store ressursar gjekk til å følge opp arbeidet med betongfundamentet på Hall I og II. Det psykososiale arbeidsmiljøet vert vurdert som godt. Det er gjort tiltak for å betre det fysiske arbeidsmiljøet i høve til samlingane ved ei tilrettelegging av lokalitet for registrering av gjenstandar. Det fysiske arbeidsmiljøet er dårleg i høve til verkstad og området som har vore nytta til verkstad er ueigna, og det har blitt bygd opp eit midlertidig verkstad i eit av dei antikvariske bygga på museumsområdet. Det er framleis mangel på eige personalrom, der personalet kan ha sine pausar avskjerma frå besøkande på museet.

Ytre miljø

I heile 2016 har det på Hall I og II vore utført arbeid på betongfundamentet, som også har omfatta naudsynt tilleggsarbeid, som skifting av kledningsplater, dører og vindauger, port til båthall og arbeid i grunnen rundt bygget. Arbeidet har resultert i at store deler av uteområdet har vore definert som anleggsområde og avstengt i store deler av 2016. Dette har ført til avgrensa bruk av utstillingsområdet til formidling. I periodar har arbeidet ført til uro og støy.

Museet har ikkje ulovleg utslepp som forureinar det ytre miljø. Museet har datablad, godt arkiv og god kontroll med dei stoff som blir nytta på museet.

Økonomi

Kystmuseet i Sogn og Fjordane, har eit avdelingsregnskap under Musea i Sogn og Fjordane. Dette regnskapet viste eit positivt resultat på kr.542 503. Det som ligg no i eigarstyret er verdien på eigedomar som kjem fram i balansen.

Midlar avsett i fond og gáver/ tilskot blir brukt på avdelinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Frå dei átte kystkommunane som Kystmuseet har ansvar for, fekk Kystmuseet eit tilskot på kr.792 852,-. Hyllestad kommune betalte ikkje sin del av tilskotet for 2016.

Føresetnaden for fortsett drift ligg til grunn.

3. VERKSEMDA VED KYSTMUSEET

Forvaltning

Kystmuseet har store vanskar med å halde trått med dei store oppgåvene med vedlikehald av den antikvariske bygningsmassen.

I samband med restaurering av Jensenbua har store deler av butikkinneinga og blikkenslagerverkstaden der blitt flytta til løa på Krokane. Midlertidig verkstad har blitt sett opp på bua.

To av bygga på museumsområdet i Florø vart måla i 2016, medan planlagt måling utvendig måtte utsetjast pga dårleg vær. Uteområdet på Jotun er prioritert og føl utarbeidd plan over hagen.

På bygningsmassen på Vågsberget blir det utført jamt tilsyn. Pga store restaureringsoppgåver andre stader på museet, vart det ikkje søkt om tilskotsmidlar til Vågsberget for 2016. Januar 2016, Det blir montert varedører og skodder for vindauga på hovedhuset kvar haust, Skoddane blir tatt ned att til påske.

Sjøbua på Vågsberget fekk stormskade i januar 2016. Krisetiltak og sikring av bygget var utført og seinare på året vart skadane utbetra.

I Kalvåg, Bremanger kommune, var det utført arbeid knytt til vasslekkasje på Vamrák sildesalteri.

Det vart søkt om midlar til sikring av fundamentet på Lisethbua, hos Stiftinga UNI. Søknaden vart innvilga med kr. 500 000, med atterhald om at tiltaket vert fullfinansiert.

Våren 2016 var alle tilsette ved Kystmuseet på Lisethbua i Kalvåg, der det vart utført vedlikehaldsarbeid og rydding i bua og området rundt.

Haugefisk, fekk også i 2016 tilskot gjennom avtale mellom Bremanger kommune og Riksantikvaren sin SAVOS-ordning. Slipping og løpande restaureringarbeid vart utført.

Båtane på museumsområdet i Florø, ligg i rubbhall og ute under telt, som har stor slitasje frå vær og vind, og må stadig sikrast og reparerast.

Ein ny båt er blitt innlemma i samlinga. Den vart henta på Scim i Nordhordland.

Gjenstandar

Kystmuseet praktiserar eit inntaksstopp av gjenstandar utanom det som komplimenterer museet si samling innafor vårt faglege ansvarsområde, eller gjenstandar som har ein vesentleg kulturhistorisk verdi. Det blir jamleg arbeid med registrering av gjenstandar i eit forsøk på god forvaltning av samlinga til Kystmuseet.

Tekstilmagasinet har blitt gjennomgått, og deler har blitt fullført med utfyllande registrering og fotografering registreringsprogrammet Primus. Tekstilmagasinet har blitt pussa opp og fått betre plassutnytting.

På Jotun har det blitt rydda og vaska. Kunstverk har i tillegg til å bli registrert blitt forsvarleg innpakka i syrefritt materiale. Foto, brev, dokumenter og anna arkivmateriale på kunstnarheimen har blitt scanna, registrert og aktivert.

Det at museet er utan tilfredstillande magasin, førar til at det blir leigd magasinplass utanfor museet i areal som er mindre eigna til magasin. Båtar og store gjenstandar er midlertidig plassert på museumsområdet i presenningstelt og rubbhall.

Musea i Sogn og Fjordane kjøpte før nyttår den tidlegare eskefabrikken på Ramstad i Angedalen i Førde, som skal nyttast til fellesmagasin for alle musea i MiSF. Før nyttår flytta Kystmuseet båtar inn dit for å få båtar i hus, som har stått ute i samband med utbetring av betongfundamentet i båthallen.

Uteområda

Uteområdet i Florø er regulert til museumsområde/ friluftsområde. Området blir forvalta av museet, som har opparbeidd gangveggar av tre og grusveggar over området. Parkeringsplass blir grusa og alle snømåking blir utført av Kystmuseet. Museet har eit stort ønske om å få betre tilhøve når det gjeld vegtilkomst og parkeringsplass. Dette er på kommunal grunn og er ei sak som Flora kommune må prioritere.

Søknad om tiltak i stafleg sikra kulturlandskap på museumsområdet er innvilga, med vidareføring av kultursti i lyngheiområdet som blir beita av geit og sau på sommartid. Det er også opparbeidd og inngjerda ein potetåker på Brendøya.

På Vågsberget blir området slått av guider på sommartid. Vår og haust blir jamleg vedlikehald på uteområdet, utført av handverkar frå Kystmuseet.

Forvaltning av administrasjonsbygga

Året starta med planlegging av kommande år og vask og vedlikhald av personal- og publikumsarealet. Museet var stengt for publikum i januar.

I samband med betongreperasjon har det vore faste byggemøter mellom MiSF/Kystmuseet og entreprenør i forhold til gjennomføring av arbeidet. Anleggsområdet har vore sikra i høve turgåarar i området.

Det har blitt utarbeidd ein Brannrapport for Hall I og II

Museet har, i samband med sitt tematiske fylkesansvar for Fartøy og Kystkultur, reierskap for fjordabåten Atløy og galeasen Svanhild i tillegg til autolinebåten Haugefisk som museet eig. I tillegg til administrasjonsansvar har Kystmuseet det fagleg ansvar for å søke om midlar til restaurering av desse fartøya.

FORSKING

Utarbeiding av utstilling «Tradisjon og Trend» om bruk av ull til alle tider, var eit samarbeidsprosjekt med Flora Kunstlag. Dette arbeidet krevja ein kulturhistorisk gransking. Det vart også utvikla eit samarbeid med prosjektet «Krus», ved forskar Ingun Grimstad Klepp og journalist Tone Tobiasson utgjevar av boka «Rein ull».

FORMIDLING

Arbeid med betongfundamentet på administrasjonsbygga har ført til at deler av museet har måtte avskjermast som anleggsområde, og dermed mindre tilgjengeleg for publikum.

Arbeidet med å produsere utstillinga «Tradisjon og trend» - bruk av ull til alle tider, forsette fram til utstillingsopning 3. april. Problemstillinga for utstillinga var å vise kor viktig sauen og bruk av ull har vore for folk i Norge, og å trekke fram nokre av dei kulturspor dette har sett. Utstillinga var eit samarbeid med Kunstlaget som konsentrerte seg om å synleggjere trendar innan for design der norsk ull har vore og framleis er sentral. I utviklinga av denne utstillinga hadde vi eit nært samband med forskaren Ingun Klepp og journalisten Tone S. Tobiasson.

Kystmuseet produserte også utstillinga *Shetland – Kinn, fotografi av Einar Seim*. Ei samling av unike foto frå første del av 1900-talet med motiv frå øya Kinn og frå reiser Einar Seim gjorde på Shetland.

Vidareføring av LEV VEL - prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt med fylket om kultur og helse med vekt på eldre og yngre demente, er eit pilotprosjekt, der Kystmuseet er ein samarbeidspart.

I samband med dette vart det arrangert forteljarkafé på dagtid.

Eit dagtilbod for eldre demente, var blant anna besøk hos handverkarane, omvising i temporære og faste utstillingar.

Dei utførte også små meiningsfylte oppgåver, som også var til nytte for museet.

Autolinebåten Haugefisk har visningskvote og eit eige opplegg knytt til den lokale skulesekken i Bremanger kommune. Båten går på turar ut frå sin base på Igland i Bremanger.

Kystdag i samarbeid med 4 H første søndag i september, der Kystmuseet hadde blant anna demonstrasjon av tjørebrenning og opent på Jensenbua, der det vart vist fram eldre verktøy, brukt av tømrrarar.

Open familiedag 24. juni på Vågsberget, der deler av utstillinga «Tradisjon og trend» sto gjennom sommarsesongen. Utstillinga om ull vart også formidla ved Eikefjorddagane 12., 13., og 14. august.

Fast DKS (kommunal) tilbod om «båtar og leik», «oljeutvinninga i Nordsjøen» og «matstell i gamle dagar». I potetåkeren, set siste barnehagekull poteter på våren og hausta potetene, som førsteklasingar til hausten. I desember var det eit eige tilbod til alle fjerdeklassar i Flora kommune, om «jul i gamle dagar», som også innebar juleverkstad og besøk av «kystnissen». I tillegg til dette fekk skular tilbod om omvising i faste og temporære utstillingar. Barnehagar har fast besøk i båthallen og geitene på Brendøya. Sørstrand Barnehage, er ein maritim barnehage som har fast plass til båten sin ved flytebrygga på museet.

På omsorgssenter i Florø og Eikefjord, har museet hatt ein «Byvandring» i eldre fotografi frå bybildet.

Utstillingar:

«Tradisjon og trend» - bruk av ull til alle tider, Kystmuseet 3. april til 20.mai,

Shetland – Kinn, fotografi av Einar Seim, Kystmuseet 31. mai til 28.september.

«Tradisjon og trend» - bruk av ull til alle tider, Vågsberget 25. juni til 21. august

«Båttryer og papircollage» av kunstnar Brynhild Slaatto, kulturinnslag: Iver Bakke Nydal, fløyte

Juleutstillinga, Flora Kunstlag 24.november til 8.desember/ konsert ved koret Fryd

Andre arrangement var det konsert med:

Koret Sangglede – Forteljarkafe: «På skuleveg», ved Fritjof Urdal

Koret Sangglede – Forteljarkafe: «Songar i skulen» ved Synnøve Bjørseth

Koret Sangglede – Forteljarkafe: «Jul i skulen» ved Siv Liseth m/fleire

Temakvelder

Ingun G. Klepp og Tone S.Tobiasson, held foredrag på bakgrunn av boka «Ren ull».

Hilde Buer held foredrag om det «Å vere saubonde på Værlandet».

Magnus Torvanger forfattar av boka om Einar Seim, foredrag om boka og Henning Rivedal sitt møte med Einar Seim.

I samarbeid med Flora Historielag var det ein temakveld om Flora Historia bind 2, ved Gaute Losnegård, samt presentasjon av boka om Bernt Tunold, av forfattaren Jan H. Landro.

Veteranbåtlaget Atløy, Stiftinga Svanhild, slektsforskningsgruppa i regi av Flora Historielag, Flora kunstlag, har faste møter på museet. Andre sporadiske kurs og møteverksemdar blir også halde i Kystmuseet sine lokalar. I tillegg er det utleige til private arrangement.

Kystmuseet har ope med faste opningstider heile året, med hovudsesong i perioden medio juni til medio august.

Totalt tal på besøkande fordelt mellom born/vaksne og gruppe /enkeltbesøk



				2016	2015	2014
Enkeltperson /vaksne	barn	Grupper /vaksne	barn	Totalt	Totalt	Totalt
2816	1327	613	1509	6266	8113	8744

FORNYING

Med målsetting om å skulle spegle det som er karakteristisk for levesettet på kysten av Sogn og Fjordane, er endring og fornying sentralt, og karakteristisk for kystbefolkninga sitt levesett i eit historisk perspektiv som også omfattar dagens situasjon.

I samband med museet si rolle med å ta vare på noko av den kulturhistoriske bygningsmassen, ser vi her nye utfordringar som er knytt til eit endra klimatilhøve. Vi har delteke i eit nasjonalt prosjekt, om utfordringar knytt til klimaendringar og konsekvensar dette får for museale bygg. I tillegg til å delta på konferansar innafor denne tematikken har vi også delteke i ei referansegruppe for utarbeiding av rapporten: *Varmare, villare, våtare*. Rapport om museas møte med klimaforandringane, er utført på oppdrag av nettverka Byggnettverket/ Handverksnettverket. Ei viktig kjelde til fornying er kursverksemd, og fagleg utvikling av personale, som også handlar om tradisjonshandverk og tema innafor framtidige utfordringar i høve forvaltning av bygningsmassen i eit varmare, våtare og villare klima. Handverkarane ved Kystmuseet har delteke på kurs i smiing, vindaugsrestaurering, høvelmaking og stilas- og sikringskurs.

Ved reparaasjonen av betongfundamentet på administrasjonsbygga, vart det etablert katodisk beskyttelse, for å minske- og samtidig kontrollere kor utsett betongen er for fysisk påverknad frå sjø. I samband med å fornye fundamentet vart det bygd ny og større port, slik at flytting båtar ut og inn av båthallen kan gjennomførast, i samband å planlegge fornying av utstillingane.

«Lev-Vel» er eit pilotprosjekt i samarbeid mellom Flora kommune og Fylkeskommunen som starta opp våren 2016.

Med kulturtilbodet for eldre som satsingsområde er Kystmuseet ein sentral aktør.

Auka bruk av ulike sosiale medier og nye permanente informasjonskilt på uteområdet i Florø og på Vågsberget.

Dialog om ny vegtilkomst og utbetra parkeringsplassen, i tillegg til generell skiltinga til museet, er sentralt for å styrke museet sin posisjon både for lokalbefolkning og tilreisande.

Samarbeidet med Flora kommune sin rusomsorg, der det å restaurere ein av museet sine båtar, blir meningsfylt arbeid, vurderer vi også som ei viktig samfunnsrolle.

Immateriell kulturarv

I det daglege legg museet vekt på den immaterielle kulturarven gjennom munnleg formidling til besøkande. I formidlinga legg vi også stor vekt på den immaterielle kulturarv gjennom handlingsboren kunnskap, med blant anna smiing, bygging av leikebåtar, sildeflekking og arbeid på autolinebåten Haugefisk. Arbeid knytt til restaurering og forvaltning av uteområde, er handverksprosessen ein kunnskapsbase som vi som museum tek vare på som ein sentral del av vår verksemd.

Inkluderande mangfald

Kystmuseet har som målsetting også å ivareta rolla som museum, møtestad og kollektivt minne for andre enn etniske nordmenn. Vi har også i 2016 hatt samarbeid med opplæringscenteret i Flora kommune. Desse besøka på museet har også fungert som kunnskapsutveksling.

Lova om diskriminering og tilgjenge

Kystmuseet er godt tilrettelagd forhold for personar med nedsett funksjonsevne, med tilgang til alle publikumsområder ved hjelp av heis og rullestolsrampar.



Prosjekt som fekk særskilte løyvingar i 2016:

Sjøbua på Vågsberget fekk kr. 150 000 i forsikringsutbetaling etter naturskade på bua.

Autolinebåten Haugefisk, fekk kr. 426 900 frå Riksantikvaren og kr. 120 000 i Savos-midlar, der Bremanger kommune har overtatt fylkeskommunen sitt deltilskot på kr. 60 000, då fylkeskommunen ikkje hadde avsett midlar til fartøyvern for 2016. Lisethbua i Kalvåg fekk kr. 500 000 frå Stiftinga UNI etter søknad om midlar til å sikre fundamentet på bua. Kostnadene på dette prosjektet er kalkulert til i overkant av 1 000 000.

Midlane frå private kan utløyse 25% i goveforsterkingsmidlar frå Norsk Kulturråd.

4. RAPPORT OM VERKSEMDA ELSERS

Kystmuseet som regionalt museum

Museet er ansvarleg for åtte kommunar I følgje vedtektene tar museet ansvar for bygningar, samlingar o.l. innan museet sitt fagområde, også andre stader i fylket. Ved årsskiftet hadde museet utanom hovudanlegget og kunstnarheimen Jotun i Florø, ansvar for desse anlegga:

Vågsberget handels- og gjestgjevarstad, Vågsøy.
Lisethbua, Kalvåg, Bremanger
Vamråk sildesalteri, Kalvåg, Bremanger
Skulehus, Hollevik, Askvoll.
Langebua, Hyllestad.
Skulehus, Opdal, Gulen.

Fleirc av desse anlegga, er omfattande restaureringsprosjekt. Anlegga som ligg i værharde kyststrok, har også eit stort behov for stadig vedlikehald.

Florø 30. mars 2017

Odd Bovim

Gro Arnstøl Birknes

Torunn Sundal

Berit Alise Høvik

Stig Oldeide

Nils-Per Sjøstad

Øyvind Skarstein

Sett. Bjørnfjellheim
Vann for Skarstein



Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2016	2015
Driftsinntekter		0	0
Annen driftskostnad	1	0	0
Driftsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt		0	0
Annen finanskostnad		0	0
Resultat av finansposter		<u>0</u>	<u>0</u>
Årsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>



Kystmuseet i Sogn og Fjordane Balanse 31.12.


Eiendeler	Note	2016	2015
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	2	<u>7 391 622</u>	<u>7 391 622</u>
Sum varige driftsmidler		<u>7 391 622</u>	<u>7 391 622</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		<u>18 200</u>	<u>18 200</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>18 200</u>	<u>18 200</u>
Sum anleggsmidler		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>
Sum eiendeler		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>





Kystmuseet i Sogn og Fjordane Balanse 31.12.


Egenkapital og gjeld	Note	2016	2015
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital		4 246 483	4 246 483
Annen innskutt egenkapital		2 812 939	2 812 939
Sum innskutt egenkapital		<u>7 059 422</u>	<u>7 059 422</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		350 400	350 400
Sum opptjent egenkapital		<u>350 400</u>	<u>350 400</u>
Sum egenkapital		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>


Florø, 30.03.2017
Styret i Kystmuseet i Sogn og Fjordane



Odd Bovim
styrleder


Stig Oldeide
nestleder



Nils-Per Sjøstad
styremedlem


Gro Arnstøl Birknes
styremedlem


Øyvind Atle Skarstein
styremedlem


Jorunn Sundal
styremedlem


vara for Nils-Per Sjøstad


Berit Alise Høivik
daglig leder



Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Noter til regnskapet for 2016

Regnskapsprinsipp

Driften av Kystmuseet i Sogn og Fjordane er fra og med 1. januar 2009 overtatt av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. I tillegg inngår driften av Nordfjord Folkemuseum, Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Museum, Norsk Kvernsteinsenter og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (herunder stiftinga Norsk Reiselivsmuseum).

Note 1 – Ansatte, godtgjørelser, mv.

På grunn av ovenfornevnte har ikke stiftelsen ansatte. Det er ikke kostnadsført godtgjørelse til styret i året. Det er ikke kostnadsført revisjonshonorar i året.

Note 2 - Driftsmidler

I tråd med avtalen med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eiendeler og forpliktelser fra og med 2009 overført fra Kystmuseet i Sogn og Fjordane til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Det som ligger igjen i stiftelsen etter dette er; verdien av bygninger, samt grunnkapital og annen egenkapital. Bygningene blir ikke avskrevet.



Deloitte AS
Hafstadvegen 25
NO-6800 Førde
Norway

Tel.: +47 57 72 13 80
www.deloitte.no

Til styret i stiftelsen Kystmuseet i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Kystmuseet i Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit resultat på kr 0. Årsrekneskapen er sammansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av stiftelsen sin finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisebilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.



side 2
Revisor si melding til styret i
stiftelsen Kystmuseet i Sogn og
Fjordane

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.



Deloitte

side 3
Revisor si melding til styret i
stiftelsen Kystmuseet i Sogn og
Fjordane

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftelsen er forvalta i samsvar med lov, stiftelsen sitt føremål og vedtektene elles.

Førde, 3. april 2017
Deloitte AS


Leif Kines

statsautorisert revisor